

SPAR Uskedalen til topps for tredje gong

06.09.2011



Jannike i kassa med det kjende smilet sitt

Torsdag og fredag spanderar SPAR kaffi og kaker på kundane.  
Det skjer med god grunn. Det er kundane som har avgjort  
at butikken i Uskedalen skal gå til topps for tredje gong i tevlinga  
om best service blant 280 SPAR-butikkar i heile landet.  
I fjor tapte vår butikk for den på Seimsfoss og vart nummer 2.  
I år er det omvendt.



Kva skal eg ha til middag i dag, undrar Hallvard Rød og Vigdis Haugland som er ferskvaresjef kjem med gode råd

Undersøkjinga som ligg til grunn omfattar dei kundar som har trumf og som dermed har registrert mailadressa si. For Uskedalen tyder det at 214 av 340 husstandar har fått spøreskjema og av dei har 95 eller 42 prosent svara. Det er ein svært høg svarprosent på landsbasis, Dette er sjette gongen undersøkjinga er avvikla og SPAR Uskedalen har altså 3 første plassar samt 2 andre plassar og 1 tredje plass. Folk i bransjen held fram at det er ein eineståande prestasjon.

SPAR Uskedalen har no 15 fast tilsette når reinhaldarane reknast med. 7 er på heiltid og så kjem skuleungdommene i tillegg. Den sist fast tilsette er Jannike Myklebust (21) som bur i Skorane og som med sitt smil er eit levande prov på service-suksessen. Som andre har ho allereie ein lang 'karriere' på SPAR bak seg. Den starta ho for 6 år sidan med vask, men allereie då ho var 13 hadde ho arbeidsveke der. Etter å ha vaska eitt år - men ho vaskar framleis som ekstrahjelp - begynte ho som butikkmedarbeidar.

På KVV gjekk Jannike lina for born og ungdom - det var før ho vart tent på butikkjobb. No skal ho ta fatt på eit nytt kapitel i utdanninga, på BI i Oslo. I hard tevling har ho fått plass på det nye kurset som heiter Klart Talent og som inneheld 4 samlinger på 3 dagar i hovudstaden.

Jannike svarar slik når uskedalen.no spør kvifor butikken har gått til topps på service:

- Det er framfor alt fordi vi har ein kjempeflink sjef. Bente har klare målsettinger for kva vi skal gjera og ho har æra for eit godt arbeidsmiljø.

Bente kvitterar slik for dette utsegnet:

- Dette var hyggjelege ord. Janike er ei fantastisk jente som tek ansvar og alltid er positiv. Ho seier aldri nei og er enkel å jobba med. Det har vore naturleg for oss å satsa på henne.
- Kvifor butikk, Janneke?
- Det er kjekt, eg likar å møta folk og då er det viktig å møta dei med å vera blid. Då er som regel også dei blide.
- Kjem du til å starta eigen butikk ein dag?
- Eg ser ikkje bort ifrå det.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen